



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

VURDERINGSRAPPORT

RAUNDALEN/ KYTE

BARNEHAGE



Kyte/Raundalen barnehage,
Styrar Sigrun Kyte,
Telefon: 56 51 53 60/56 52 29 91
e-post: raundalen-kyte.barnehage@voss.kommune.no

Dato for vurderinga: 19. – 22. april 2010



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngjeving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

Kven er vurderar?

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdera dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år.

Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeider med.



2 – Fakta om barnehagen

Raundalen – Kyte barnehage er ein kommunal toavdelings barnehage med felles styrar. Det er ca.5 kilometer mellom avdelingane, Avdelinga i Raundalen opna 22. oktober 1987 på skulen. No som skulen er nedlagt, har borna heile skuleområdet å boltre seg på. Barnehagen har høve til å nytte fasilitetar, som gymsal og andre rom ved behov. Nærområdet til barnehagen er prega av skog- og landbruk, lite trafikk og nærmiljøet innbyr til turar. Det er og dyr som beitar i nærleiken.

Avdelinga på Kyte opna 15. september 1986 i Grimshallen. Barnehagen ligg i kjellarlokale i Grimshallen, ungdomshuset på Kyte. Uteområdet er kupert skog, med nokre opparbeida asfalterte parti. Skogen bak barnehagen er eit uteområde som byr på utfordringar for barna. Det er uteplass på tre sider av huset, noko som gjev barna moglegheiter for å kunne være for seg sjølve. Sjølv om uteområdet er kupert og utfordrande er det likevel oversiktleg slik at tryggleiken til borna vert ivareteken.

Rett på utsida av gjerdet startar skogen. Der kan borna boltra seg fritt i leik eller forske på prosjekt som barnehagen er opptekne av.

3 – Vurderingstema

Raundalen/ Kyte barnehage har bede om vurdering på fylgjande tema:

SPRÅKMILJØ OG SPRÅKSTIMULERING I BARNEHAGEN

Raundalen/ Kyte barnehage har valt vurderingstema ut frå resultatata i ståstadsanalysen som vart gjennomført hausten 2009 som førebuing til ekstern vurdering.



4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av barnehagen.



Bakgrunnen for omgrepet: Tidlegare var det vanleg å samla på glansbilete. Englane med glitter på vingane, var dei spesielt vakre. Ingen veit eksakt korleis englar ser ut, men ein kunne vel ynskje at dei såg ut som på gamle glansbilete!



Glansbilete

Tema: Språkmiljø og språkstimulering i barnehagen

Kriterium	Teikn på god praksis
<ul style="list-style-type: none">Barnehagen er ein lærande organisasjon <p>(Rammeplan for barnehage, 06 s. 50).</p>	<ul style="list-style-type: none">❖ Personalet har ei felles forståing av måla i årsplanen❖ Det er sett av tid slik at personalet saman kan drøfta barnehagen sitt språkmiljø❖ Personalet reflekterar over eigen praksis❖ Personalet er involvert i og forplikta av felles planar❖ Personalet gjev kvarandre tilbakemelding på arbeidet dei gjer❖ Leiarane gjev personalet fagleg støtte og tilbakemelding på det daglege arbeidet
<ul style="list-style-type: none">Personalet skapar eit språkstimulerande miljø for alle borna <p>(Rammeplan for barnehage s. 35)</p>	<ul style="list-style-type: none">❖ Personalet nyttar språket aktivt i alle kvardagssituasjonar❖ Personalet legg til rette for meningsfulle opplevingar i høve språkstimulering❖ Personalet legg vekt på daglege innslag av lesing, song, rim og regler❖ Personalet er bevisst si eiga rolle i høve til det å skapa eit godt språkmiljø❖ Personalet opplever Tras og Språksprell som eit godt verkty i språkutviklingsarbeidet i høve borna <p>(teikna er henta frå Rammeplanen og barnehagen sin årsplan)</p>
<ul style="list-style-type: none">Barna opplever eit språkstimulerande miljø i barnehagen	<ul style="list-style-type: none">❖ Borna opplever spenning og glede når forteljing, litteratur, song, rim og regler vert formidla❖ Borna vert møtt med forståing og interesse i høve det dei vil formidla❖ Borna får høve til å lytte, samtale og leike med lydar, rim, rytme❖ Borna får fabulera ved hjelp av song og språk <p>(teikna er henta frå Rammeplanen og barnehagen sin årsplan)</p>
<ul style="list-style-type: none">Føresette opplever at det er eit språkstimulerande miljø i barnehagen	<ul style="list-style-type: none">❖ Førsette opplever at det er daglege innslag av lesing, song, rim og regler i barnehagen❖ Førsette opplever at borna vert møtt med interesse og respekt i høve det dei vil formidla❖ Førsette vert tekne med i planlegging og evaluering av innhaldet i barnehagen❖ Førsette opplever at språkutviklingsverkty som TRAS og Språksprell er nyttig i høve det språkstimulerande miljøet i barnehagen <p>(teikna er henta frå Rammeplanen og barnehagen sin årsplan)</p>



5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Alle tilsette, borna og føresette i Raundalen og Kyte barnehage
- Eksterne: Kari Aalvik og Anne- Line Mæland

Grunngjeving for val av informantar:

Temaet for vurdering; **"Språkmiljø og språkstimulering i barnehagen"**.

Temaet er viktig i høve at barna skal lære å uttrykkje seg og verta trygg på språket sitt. Tilrettelegging av språkmiljø og korleis ein stimulerar språkutviklinga, er grunnleggjande i arbeidet i barnehagen og svært viktig med tanke på barnet sitt beste. Det vedkjem alle partar i barnehagen, difor var det naturleg at vurderarane henta informasjon frå alle desse gruppene: barna, føresette og personalet.

Raundalen/ Kyte barnehage er ein liten barnehage, og difor har heile personalgruppa vore med i undersøkinga. Alle føresette fekk tilbod om å vera med i undersøkinga. 11 barn av i alt 23 moglege var representert på foreldremøte. Vurderarane har gjennomført samtale med 14 av 30 barn, og med dei fleste av dei tilsette. I tillegg er det vorte gjort observasjonar i barne- og personalgruppa.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein barnehage. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil 3 dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I førekant og undervegs, førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



TIDSPLAN - prosessen før vurderingsveka

Raundalen/ Kyte barnehage i veke 18, 19. – 22. april 2010

Dato/veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
11.12.09	Ca. 2 mnd. før vurdering	Telefonkontakt med barnehagen som skal ha vurdering: informasjon om metoden, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen	Vurderarane
28.12.09		Informasjon til barnehagen via e-post, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen: 1. om ståstadsanalysen (sett av 1mnd. til arb.) 2. oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering 3. tidsplan – prosessen før vurdering	Vurderarane
01.02.10		Send: ståstadsanalyse, vurderingstema og dokumentasjon til vurderarane	Styrrar
02.02.10		Barnehagen sender skriftleg informasjon frå barnehagen; årsplan, planverk, brukarundersøkingar ol	Styrrar
03.02.10		Lag glansbilde	Vurderarane
12.02.10		Send glansbilete til barnehagen v/styrrar Arbeidet med å utvikla eit glansbilde for kvar einskild barnehage kan ta litt tid, difor bør glansbildeframlegget sendast til barnehagen så tidleg som mogleg.	Vurderarane
15.03.10	Ferdigstilt innan 19.03.10	Styrrar diskuterer glansbildeframlegget med personalgruppa og returnerer innspel, kommentarar eller ei godkjenning av glansbildet.	Styrrar
19.03.10		Laga: ▪ tidsplan for vurderingsveka	Vurderarane
05.04.10		Informasjon til vurderarane: ▪ fakta om barnehagen, skriftleg ▪ foto av barnehagen til rapporten si framside	Styrrar
07.04.10		Laga: ▪ innkalling til foreldremøte ▪ intervjuguidar ▪ rapport - mal, intern og ekstern ▪ laga mal for Power Point presentasjon	Vurderarane
19.04.10	Kl 08.00	Vurderarane kjem til barnehagen	Vurderarane

Vedlegg:

Oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering
Om ståstadsanalysen



Tidsskjema for Vurderingsveka:

		Vurderingsveke: veke 16	
18.04.10		19.00 Møte på hotellet Finpusse planane for veke, ansvarsfordeling	Vurderarane
19.04.10		08.30 Vurderarane møter i Raundalen barnehage Samtale med styrar 09.00 Intervju med pedagogiske leiarar ca. 1 time Observasjon Barneintervju (6 enkeltbarn)(Om noen ønsker kan to være samen) 12.30 Intervju med assistentar ca. 1 time Oppsummering med styrar 19.30 Foreldremøte i Kyte	Vurderarane
20.04.10		08.30 Vurderarane møter i Kyte barnehage 09.00 Intervju med assistentane Observasjon Barneintervju (7 enkeltbarn) (Om noen reagerer kan to være samen) 13.00 Avdelingsmøte i Kyte Oppsummering med styrer	Vurderarane
21.04.10		08.30 Vurderarane møter i Raundalen barnehage Eventuelt barneintervju i Raundalen Observasjon 11.30 Intervju med styrer 13.00 Avdelingsmøte i Raundalen	Vurderarane
22.04.10		Vurderarane ferdigstiller rapporten - er ikkje i barnehagen 15.00 Samtale med styrar 16.30 Personalmøte framlegg og overlevering av rapporten	Vurderarane
30.10.10		<i>Innan 6 månader skal styrar rapportere attende til barnehagefagleg ansvarleg om korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Styrar orienterar det politiske fagutvalet</i>	Barnehagestyrar



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5 åringar og eventuelt 4 åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: Observasjon, intervju, samtale, påstandsskjema og dokumentanalyse

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sendte barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplan, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking. Målekort til Balansert Målstyring.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for barnehagar - 06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg.

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no - situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute på begge avdelingane.



8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet



- **Barnehagen er ein lærande organisasjon**

Personalet seier at dei har ei felles forståing av måla i årsplanen. Dei seier vidare at måla i årsplanen vert drøfta på avdelingsmøta i tilknytning til arbeidet med månadsplanar og vekeplanar. Vurderarane ser arbeidet med språkstimulerande aktivitetar att i desse planane.

Personalet seier at det i hovudsak er avdelingsmøta som vert nytta til drøftingar av språkmiljøet og refleksjon av eigen praksis.

Vurderarane var med på avdelingsmøte, der det vart teke opp og reflektert kring bruken av til dømes sofakroken.

Personalet seier at dei er involvert i prosessen med å planleggja og gjennomføra planar i høve månadsplanar og vekeplanar. Personalet sa at dei vaksne på kvar gruppe har medansvar for å planleggje innhaldet i gruppetida på avdelinga.

Vurderarane såg at planlegging for den neste veka var ei sak på avdelingsmøte på begge avdelingane. Det vart gjeven tilbakemelding på det som hadde vore gjort.

Personalet seier at dei reflekterer over eigen praksis. Det er særskild på avdelingsmøta at det vert reflektert kring eigen praksis. Personalet trekk fram som svært positivt at dei dette året får til å ha jamlege avdelingsmøte kvar veke.

Personalet seier at dei prøver å gje kvarandre tilbakemelding på det arbeidet dei gjer. Alle gjer uttrykk for at tilbakemelding er viktig og det er ein felles forståing av at det er alle sitt ansvar å gje stadfesting og tilbakemelding på det arbeidet kvar ein skild gjer. Vurderarane opplevde at personalet gav kvarandre positive tilbakemeldingar både i intervju og på avdelingsmøte.

Personalet seier at dei opplev at leiarane gjev dei fagleg støtte og tilbakemelding på det daglege arbeidet på avdelingsmøte og elles i kvardagen. Det vert trekt positivt fram at også vikarar vert inkludert og gjeven tilbakemelding og støtte.



- **Personalet skapar eit språkstimulerande miljø for alle barna**

Personalet seier at dei nyttar språket aktivt i kvardags situasjonar. Personalet gjev døme på korleis dei rettleiar barna med å repetera det rette ordet, nemnar riktig ord under måltid, påkledning ol. Vurderarane har og sett mange døme på det.

Personalet seier at dei legg til rette for meiningsfulle opplevingar i høve språkstimulering. Språksprell vert nytta i samlingsstundar og når dei er delt i grupper. Personalet seier vidare at dei to avdelingane er ulike i høve aldersgruppa og deira behov.

Vurderarane har sett mange døme på at språket er i fokus når dei har planlagde aktivitetar: Til dømes gruppedeling der dei eldste barna på Kyte jobba med rimeord, og samtale i samlingsstund. Vi har også registrert at innspel og tema vert teken opp på ein god og positiv måte med enkeltbarn og barnegruppa, både i Raundalen og på Kyte.



I Raundalen var rutine for lesing etter mat satt i system. Dette skapte små grupper der språkstimulering var godt etablert. Bøker var godt tilrettelagd og synleg fleire plassar på avdelinga, og dei vart mykje brukt i samling og anna.

Personalet seier at dei legg vekt på daglege innslag av song, rim og regler på begge avdelingane. Samlingane vert nytta til dette. Vurderarane såg mange eksempel på bruk av rim og song. I tillegg såg me at omgrep innanfor tal, rom og form var godt etablert og synleg på begge avdelingane.

Barna på Kyte snakka om ei spennande bok med rim som Mette hadde hatt når ho var lita, den var veldig kjekk.

Personalet seier at dei er bevisst si eiga rolle i høve til det å skapa eit godt språkmiljø. Dei seier vidare at det er aksept for å minna kvarandre på om det innimellom vert nytta eit barnleg språk.

På den eine avdelinga sa personalet at dei nytta spel spesielt på fredagene. Det var særleg "Lyd lotto" og eit spel om motsetningar som var populære, samt puslespel.

Personalet seier at dei opplever Språksprell som eit godt verkty i språkutviklingsarbeidet i høve barna. Alle veit kor dei kan finna permen og den er godt etablert sjølv om den ikkje nyttast frå perm til perm.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa for barnehage

Vurderarane har sett mange eksempel på bruk av idear henta frå Språksprell.

TRAS er eit materiell som barnehagen har starta med. Dei seier at dei dette året har tenkt å nytta det som ei øving for at personalet skal få høve til å gjere seg kjend med TRAS som verktøy.

Vurderarane høyrde at det vart gitt positiv tilbakemelding på bruk av TRAS blant personalet under avdelingsmøtet. Det kan virka som det dette året er etablert ei større forståing og aksept for å nytta TRAS som ein observasjonsreiskap.

- **Barna opplever eit språkstimulerande miljø i barnehagen**

Alle barna seier under intervjuet at dei er glade når dei kjem til barnehagen. Dei seier vidare at dei har det bra, kjekt og at det er koseleg. I høve kva dei gjer under samling seier barna t.d. at dei syng, leiker, fortel eventyr og snakkar og tek opp ting.

Barna gjev uttrykk for at dei synest det er kjekt med samling, noko personalet bekreftar at også dei opplever. Personalet seier vidare at dei legg vekt på at den vaksne har førebudd seg til samlinga og at det er ein fordel å ha med seg konkretar. Vurderarane la merke til at det særskilt i den eine avdelinga var mykje materiell og kulissar som lett kunne nyttast i samling og tilrettelagde aktivitetar.

Barna seier at dei stort sett vert møtt med interesse i høve det dei vil formidla. Personalet seier at dei prøvar så langt det let seg gjere å lytta til og høyre etter kva barna prøver å formidla. Dei seier vidare at dei stillar spørsmål for å få barna til å fortelje meir. Vurderarane ser trygge barn som tek ordet og likar å fortelje, og eit personale som ser og lyttar til barna.

Personalet seier at dei høyrer mykje riming i leik og samtale i kvardagen. Dei seier vidare at dei har snakka om og vore bevisst at riming med namn av og til kan opplevast sårande for den som opplever å verta tulla med.

Vurderarane høyrer og ser at rim og regler vert nytta gjennom heile dagen i begge avdelingane. Borna kjem med eksempel på fleire rim, som til dømes, mage – drage, sopp - kopp, hatt – katt, med den største sjølvkjensle.

Personalet seier at barna er med å fabulera. Det vart fortalt om korleis barn og vaksne lagar film og fabulerar med språk ved hjelp av teikningar satt i system på ein papirrull. Dette har vurderarane vore med på og sett gleda og nytten av.

På eine avdelinga har nokon av borna fått sitt eige dikt. Dette var noko borna opplevde som positivt. Vurderarane observerte at borna kjende att både sine egne og dei andre sine dikt.

- **Føresette opplever at det er eit språkstimulerande miljø i barnehagen**

Dei føresette gjev uttrykk for at dei er svært nøgde med barnehagen. Dei seier vidare at dei høyrer att frå barna songar, rim og regler som vert nytta i barnehagen. Dei føresette seier og at personalet er imøtekomande og at dei viser oppriktig interesse for dei og barna.

Føresette hadde mange døme på aktivitetar som var nytta frå permen Språksprell. Dei opplever at borna vert møtt med interesse og respekt i høve det dei vil formidla, og at personalet let barna få koma med heile forteljinga si.

Dei føresette opplevde at forslag, ynskjer og innspel dei kom med vart tekne på alvor og med velvilje av personalet.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa for barnehage

Nokre av dei føresette seier at dei er godt kjende med TRAS som observasjonsreiskap og at dei ser verdien av at personalet nyttar det for vidare oppfølging av barnet. Dei meiner at TRAS er nyttig i høve det språkstimulerande miljøet i barnehagen.



9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet



- **Barnehagen er ein lærande organisasjon**

Når det gjeld felles forståing av måla i årsplanen er det nokon i personalet som meiner at planen ikkje vert lest av alle.

Det vert gjeven uttrykk for at sjølv om det er ein barnehage, er det ulike avdelingar med ulike mål, og at det mest er det pedagogiske personalet som kjenner seg forplikta av felles planar. Ei mogleg årsak til dette meiner vurderarane kan vera at det stort sett er avdelingsmøta som vert nytta til refleksjon over eigen praksis og drøfting av språkmiljøet i barnehagen. Om personalmøta hadde vore nytta til faglege diskusjonar og refleksjonar rundt det pedagogiske arbeidet i barnehagen, ville personalet ha kjent meir at dei var eigar av og hatt ei felles forståing av barnehagen sine planar.

Når det gjeld fagleg støtte og tilbakemeldingar på det daglege arbeidet, seier styrar at ho kan bli betre på dette. Ho kjenner på at det ikkje alltid er så lett å få gjeve tilbakemeldingar i kvardagen, ettersom ho ikkje er tilstades kvar dag på begge avdelingane.

- **Personalet skapar eit språkstimulerande miljø for alle borna**

Når det gjeld å lesa for barna er det ulikt korleis avdelingane legg vekt på dette. På ei avdeling gjev personalet uttrykk for at det har vore lite lesing fordi romma er små, og at mykje støy gjer det vanskeleg å lesa.

I høve spel seier personalet at spela er i eit skåp og at dei vert henta fram dersom barna spør om det. Vurderarane registrerte at det var få spel tilgjengeleg på begge avdelingane.

Dette er ikkje i tråd med barnehagen sin årsplan: " *Borna skal ha tilgang til... ulike typar spel, bøker...*" (Pedagogisk årsplan). Daglege innslag av speling og lesing vil fremme det språkstimulerande miljøet i barnehagen.

Vidare er bevisstgjerjing av eiga rolle som språkmodellar viktig i høve små barn som ikkje har verbalt språk eller barn som har språkvanskar, ved t.d. å ettersei ord med riktig uttale.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa for barnehage

Vurderarane ser at enkelte i personalgruppa kan vera meir bevisst og lydhøyr i høve "stille" og forsiktige barn. I visse situasjonar er det viktig at desse barna får hjelp til å uttrykkja seg.

Enkelte ytrar ynskje om å vera åleine i samlingsstund utan andre vaksne tilstades. For å gjera kvar og ein i personalet trygge og bevisste på korleis dei er som formidlarar, kan ein i fellesskap reflektera rundt kva mål ein har med samlingsstund og gje kvarandre rettleiing på korleis og kva ein skal formidla.

- **Borna opplever eit språkstimulerande miljø i barnehagen**

På eine avdelinga gjev borna uttrykk for at dei sjeldan vert lesne for og at mange bøker er høgt oppe på ei hylla. " *Dei kjekkaste bøkene er høgt oppe*". (frå barneintervju).

Dette er det same med ulike spel. Barna seier at dei sjeldan spelar spel. På spørsmål til borna om kor dei kan finna spel, svarar dei på begge avdelingane at spela er låst inne i skåp, dei er høgt oppe og at dei lyt spørja dei vaksne om dei ynskjer å spela.

Sjølv om borna ved mange høve sa fram både rim og regler, virka det ikkje som borna kjende til sjølve omgrepa rim og regler.

- **Føresette opplever at det er eit språkstimulerande miljø i barnehagen**

Barnehagen får lite tilbakemelding frå foreldre når det gjeld det språkstimulerande miljøet i barnehagen. Foreldre ynskjer kopiar av songar, rim og regler slik at dei kan fylgja med på det som vert arbeidd med i barnehagen.

Både personalet og foreldre gjev tilbakemelding på at foreldre er lite deltakande i evalueringsarbeidet i barnehagen. På møte som vurderarane hadde med foreldre kom det fram forslag om at barnehagen kunne laga nokre opne punkt som foreldre kunne gje innspel på. Dette meinte foreldre ville gjera dei meir aktive i høve planlegging – og evalueringsarbeidet. Det vil samstundes føra til at dei får meir innblikk i kva barnehagen arbeidar med i kvardagen.

TRAS som språkutviklingsverktøy har vore lite brukt. Dette kjem fram i intervju med både personalet og foreldre.

I intervju med foreldre kom det òg fram at ikkje alle var kjende med "Språksprell".





10 – Vidare arbeid

Når me som vurderarar oppsummerar alle inntrykk frå vurderingsveka, ser me ulike område som barnehagen kan ta tak i.

Det er særleg to utviklingsområde som peikar seg ut:

- Personalmøta kan nyttast som eit felles, fagleg fora der heile personalet får utveksla erfaringar i høve det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Dette tenkjer me kan føra til at Raundalen/Kyte vil opplevast meir som ein barnehage, både av born, foreldre og personalet.
- Leggja til rette for språkutvikling på avdelingane, ved blant anna å gjera bøker og spel lett tilgjengelege for borna. Dette vil, slik me ser det, stimulera borna si språkutvikling.

Barnehagen lyt sjølv prioritera og velja kor dei vil starta utviklingsarbeidet.

6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Kyte/ Raundalen 22. april, 2010

Vurderar, Kari Aalvik

vurderar, Anne- Line Mæland



Vedlegg 1

1 - Dette sa barna

Kriterium: *Barna opplever eit språkstimulerande miljø i barnehagen*

Personalet skapar eit språkstimulerande miljø for alle barna

Vi har høyrd at de har samling kvar dag. Kva gjer de på i samlinga? Les? Forteljing? Eventyr? Rim og regler? Song? Lytteleikar?	
Kva likar du best? (Kva er det kjekkaste?)	
Er det andre tider på dagen enn samlingsstunda de leikar med ord, rim, song? Kva gjer de då? Kva tid?	
Hender det at dei vaksne les berre for deg? (Er det kjekt når den vaksne les eller fortel?)	
Når det er noko du har lyst til å snakka med dei vaksne om eller fortelje, høyrer dei vaksne på deg då?	
Har de nokon kjekke spel her i barnehagen? Kva likar du å spela? Kor kan du finna spel om du ynskjer å spela?	
Kor kan du finna bøker om du ynskjer å lesa, eller å bli lest for?	



Vedlegg 2

2 – Dette sa foreldra

Kriterium: *Føresette opplever at det er eit språkstimulerande miljø i barnehagen*

Set opp punkt som de meiner Raundalen /Kyte barnehage er flinke til	
Set opp punkt som de meiner barnehagen kan bli flinkare til	
Set opp punkt som de foreldre kan bli flinkare til	
Føresette opplever at det er daglege innslag av lesing, song, rim og regler i barnehagen Korleis ?/På kva måte?	
Føresette opplever at borna vert møtt med interesse og respekt i høve det dei vil formidla Korleis? På kva måte?	
Føresette vert tekne med i planlegging og evaluering av innhaldet i barnehagen Korleis? På kva måte?	
Føresette opplever at språkutviklingsverktøy som, TRAS og Språksprell er nyttig i høve det språkstimulerande miljøet i barnehagen Korleis? På kva måte?	



Vedlegg 3

3 – Dette sa dei tilsette

Kriterium: Barnehagen er ein lærande organisasjon

Personalet har ei felles forståing av måla i årsplanen	
Det er sett av tid slik at personalet saman kan drøfta barnehagen sitt språkmiljø	
Personalet reflekterer over eigen praksis	
Personalet er involvert i og forplikta av felles planar	
Personalet gjev kvarandre tilbakemelding på arbeidet dei gjer	
Leiarane gjev personalet fagleg støtte og tilbakemelding på det daglege arbeidet	

Kriterium: Personalet skapar eit språkstimulerande miljø for alle borna

Personalet nyttar språket aktivt i alle kvardagssituasjonar	
Personalet legg til rette for meiningsfulle opplevingar i høve språkstimulering	
Personalet legg vekt på daglege innslag av lesing, song, rim og regler	
Personalet er bevisst si eiga rolle i høve til det å skapa eit godt språkmiljø	
Personalet opplever Tras og Språksprell som eit godt verkty i språkutviklingsarbeidet i høve borna	



Kriterium: *Borna opplever eit språkstimulerande miljø i barnehagen*

Borna opplever spenning og glede når forteljing, litteratur, song, rim og regler vert formidla	
Borna vert møtt med forståing og interesse i høve det dei vil formidla	
Borna får høve til å lytte, samtale og leike med lydar, rim, rytme	
Borna får fabulera ved hjelp av song og språk	

Kriterium: *Føresette opplever at det er eit språkstimulerande miljø i barnehage*

Føresette opplever at det er daglege innslag av lesing, song, rim og regler i barnehagen	
Føresette opplever at borna vert møtt med interesse og respekt i høve det dei vil formidla	
Føresette vert tekne med i planlegging og evaluering av innhaldet i barnehagen	
Føresette opplever at språkutviklingsverktøy som TRAS og Språksprell er nyttig i høve det språkstimulerande miljøet i barnehagen	